



Høyringsuttale, skolestruktur

Vi vurderer høyringsdokumentet som eit godt grunnlag for å ta stilling til konsekvensane av ny skulestruktur i kommunen. Særleg vil vi peike på at dokumentet legg vekt på pedagogiske konsekvensar, og alle dei praktiske omsyna som prosessen vil krevje. Dokumentet er logisk oppbygd, og utforming og språk gjer innhaldet lett tilgjengeleg. Utdanningsforbundet vil likevel knytte nokre kommentarar til dokumentet, og ta fram tema som ikkje er omtalt der.

Ressursfordeling

Av høyringsdokumentet går det fram at følgjande ressursar er tildelt dei ulike skulane i kommunen.:

Skule	Elevtal	Lærarårsverk	Elevar per årsverk	Prosentvis samanlikning (Bagn skule = 100 %)
Bagn skule	154	15	10,3	100 %
Begnadalen skole	47	5,4	8,7	118 %
Hedalen skole	70	11	6,4	161 %
SAUS	136	15,5	8,8	117 %

Sjølv om ein tek omsyn til at ungdomstrinnet har annan ressursbruk (leseplikt, meir deling), og at einskildvedtak varierer frå skule til skule og frå år til år, og til at det kan vere mindre feil i talgrunnlaget, kjem ein ikkje unna at ressursbruken er særst ujamnt fordelt. Dersom Hedalen skal halde fram med ungdomsskule, anten som no eller i privat regi, vil Hedalen få ein endå større bit av den kommunale kaka enn i oppsettet over. Når økonomien i kommunen, og også for skulane, er så pressa som no, må vi spørje om ei slik fordeling er rimeleg. Ein kan stille det ubehagelege spørsmålet om kvaliteten på skuletilbodet er avhengig av bustad i kommunen.

Tidsperspektiv

Utdanningsforbundet vil peike på at skulen i Sør-Aurdal er sett under kraftig økonomisk press pga. store kutt i skulebudsjetta. Kriseforståinga blant lærarane er høg, og viljen til å gjere det beste ut av situasjonen er det lett å finne døme på. Men presset merkast godt, og mange lærarar er slitne no. Det er difor viktig at kommunestyret gjer vedtak som inneber betring av driftsbudsjetta i ny struktur.

Vedtaket i kommunestyret er ikkje endeleg før i februar. Det gjer at det blir kort tid til å gjere alle tilpassingar som skal til med tanke på at skuletilbodet skal fungere frå august 2010. Byggjearbeida på Bagn skule og tilpassinga til barnehage i Reinli er ein viktig faktor, men også overføring av personale, tilpassing av læreplanar, nye gruppesamansetjingar, samkøyring av metodikk, materiell, lærebøker m.m. vil ta tid.

Utdanningsforbundet vil peike på at politikarane alt er eit år seinare ute enn opphavleg tenkt. Dersom den politiske prosessen skulle bli ytterlegare forseinka, vil det truge oppstart av ny struktur hausten 2010. Sidan budsjettvedtaket er bygd på føresetnaden om ny struktur, vil eit framhald med noverande struktur innebere økonomisk katastrofe for driftsbudsjetta ved skulane.

Adresse

c/o Jan Henrik Bakke
Rute 539
2930 Bagn

E-post/Internett

jhbakke@n2u.no
www.utdanningsforbundet.no

Telefon

61 34 64 31
99 31 76 45

Bankkonto

6185 05 27562

Mange lærarar er usikre på kva for arbeidsplass dei vil få neste haust. Fleire vurderer truleg andre jobbtilbod i eller utanfor læraryrket. Faren er stor for at Sør-Aurdal kan miste kompetente og velkvalifiserte pedagogar, og særleg om den politiske avgjerda skulle kome til å dra ut i tid.

Utdanningsforbundet har i fleire samanhengar tatt til orde for at kommunen i denne situasjonen bør ha ein liberal permisjonspraksis. Det gjer at lærarar kan kome attende når kommunen igjen treng nyttilsettingar i skulen.

Utdanningsforbundet vil likeeins peike på at ungdomstrinnet spesielt saknar lærarar med kompetanse i norsk og framandspråk. Kommunen vil truleg kunne stimulere til verdifull etterutdanning med relativt små økonomiske tilskot (t.d. ved at kommunen dekkjer ei viss reduksjon i stilling mot at læraren tek utdanning kommunen ønskjer, evt. yter stipend). Ein minner om 40/40/20 ordninga for etterutdanning, der staten tek 40 % av utgiftene, kommunen 40 % og læraren dei siste 20 %. Økonomisk kan etterutdanning bli relativt gunstig for kommunen.

Utbygging på Bagn

Utbyggingsframlegget ved Bagn skule meiner vi ikkje er godt nok. Møterommet er brukt til arbeidsplassar for lærarane, og læremiddellageret er omgjort til møterom. Skulen manglar såleis heilt naudsynt lagringsplass for læremiddel som lærarane brukar kvar dag. Det femte grupperommet er ikkje med i framlegget. Utsegner om at klassane ofte er delt, slik at storleiken på romma ikkje er så viktig, meiner vi er lite seriøse. Vi har (særleg dei siste åra) mykje røynsle for at grupper og klassar må slåast saman for ikkje å bruke pengar til vikar, eller fordi vikar ikkje kan skaffast. Utbyggingsframlegget framstår som utilstrekkeleg og lite framtidretta. (Utbygginga gir heller ikkje rom for elevar frå Begnadalen, dersom det skulle vere aktuelt ved seinare strukturendringar.)

Vedlikehaldsetterslep

Skulebygga i Sør-Aurdal vil trenge mykje vedlikehald i åra som kjem. Vedlikehaldsetterslepet er truleg over 30 millionar kr (jf økonomiplan for Sør-Aurdal kommune). Dei økonomiske rammene for grunnskulen i Sør-Aurdal må ha rom for dette vedlikehaldet, utan at det går ut over det pedagogiske tilbodet for elevane.

Skyss/reisetid

Den største utfordringa ligg i å gi ungdomsskuleelevar frå Hedalen så rask transport som råd. Her vil god førebuing og tilrettelegging bety mykje. Det har vore fleire synspunkt på korleis skyssstidene må vere for å sikre buffer mot forseinking og vanskeleg føre. Utdanningsforbundet vil hevde at ei relativt stram tidstabell vil vere ei betre løysing, sjølv om det vil innebere at elevane kjem noko for seint på skulen dei (få) dagane føret er særleg vanskeleg. Vi meiner vidare at skuledagen på SAUS kan bli noko kortare enn no (10 – 20 min.), for å bidra til å gjere tidsbruken noko mindre for dei elevane som har lengst veg.

Det er likevel ikkje til å kome frå at reisetida er den store ulempa for Hedalselevane, og den viktigaste grunnen til at Utdanningsforbundet tilrådde andre framlegg til endringar i skulestrukturen. No når kommunestyret har gjort sitt vedtak, vil vi peike på at eit samla ungdomstrinn vil få høveleg store grupper (med unntak for eitt stort årskull) som høver godt i den modellen som SAUS brukar no. Den avgrensa erfaringa ein har med arrangement der elevar frå dei to skulene har vore saman, tyder på at elevane kan finne seg godt til rette i eit nytt skulesamfunn. Det vil truleg vere positivt for elevane om lærar(ar) frå Hedalen vil arbeide ved SAUS.

Privat Montessori-skule?

Den første kvinnelege legen i Italia, Maria Montessori, gjorde banebrytande pedagogisk arbeid i første halvdel av 1900-talet. Røynslene og tankane ho gjorde seg om korleis barn lærer, fekk ho særleg i arbeid med funksjonshemma barn, som ho klarte å stimulere og leggje til rette for på ein eineståande måte. Ideane om dei nye undervisningsprinsippa breidde seg snart til vanleg skule, og er i dag utvikla til ei eiga grein i pedagogikken. Det er vel likevel lite truleg at det er pedagogikken som er avgjerande for arbeidet med ein privat Montessori-skule i Hedalen.

På generelt grunnlag meiner Utdanningsforbundet at ein er best tent med offentleg skule. Røynslar frå private skular viser at løn og arbeidstilhøve oftare er under press i private skular.

Dersom skulen blir opna, kan ein få ein situasjon der nokre ungdomsskuleelevar går i Hedalen, og resten på SAUS. Blir det resultatet, kan løysinga totalt sett bli dyrare for kommunen enn Hedalen barne- og ungdomsskule er i dag.

Ein kritisk faktor blir truleg tidspunkta for når kommunen set i verk si strukturendring og opningsdatoen for Montessori-skulen. Dersom elevane delar seg nokolunde jamt mellom dei to skuletilboda, vil miljøet ved Montessori-skulen bli både lite og sårbart, men likevel reise med økonomiske ressursar som gjer det kommunale tilbudet tilsvarende dårlegare.

Såleis representerer etableringa av ein privatskule ei økonomisk ”utpressing” av kommunen, dersom det fører til at det ikkje blir noka strukturendring i Hedalen (fordi innsparinga blir illusorisk), og at det må tilsvarende større kutt til på andre område (skular) i kommunen.

Skulle det bli resultatet, meiner Utdanningsforbundet at resultatet blir nett det vi ønskte å unngå: Store kutt i den offentlege skulen, som den noverande strukturen ikkje kan tole.

Hedalen barne- og ungdomsskule har ikkje budsjett til meir enn 1. – 7. steg for skuleåret 2010/2011.

Utdanningsforbundet kan ikkje godta at 1. – 10. skule skal drivast innanfor eit slikt budsjett, endå om det gjeld for eitt år. Det er heller ikkje lett å akseptere at resten av skulane i kommunen må få sine budsjett reduserte av omsyn til at Hedalen ikkje skal endra sin struktur.

Konklusjon

Utdanningsforbundet er fortvila over at den krevjande prosessen med endring av skulestruktur kan kome til å havare like før iverksetjing. Bygdestrid og einøygd lokalpatriotisme ser ut til å hindre løysingar som kunne vore til å leve med for alle. Det kviler eit stort ansvar på dei som ikkje vil sjå at alle del-løysingar har konsekvensar for heilskapen. Det som er ”best” for kvar og ein, kan til sjuande og sist bli ”verst” for alle.

Utdanningsforbundet vil oppmode alle til å leggje prestisjen til sides, og vurdere kva for løysingar som kan gje våre medlemmar ein skule med levelege økonomiske vilkår.

For Utdanningsforbundet Sør-Aurdal

Jan Henrik Bakke